

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 24.05.2016  
Vår ref.: 2016/4495-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/604-16/8081

## **Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel for detaljregulering av nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Meland kommune**

Viser til brev datert 25.04.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Flatøy er rik på kulturminne, særleg frå steinalder. Innanfor det omsøkte arealet ligg det fleire steinalderbuplassar og to SEFRAK-registrerte bygg. Det er også kjend fleire automatisk freda lokaliteter i nærleiken av det aktuelle området. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at det omsøkte arealet har potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Ved eventuell oppstart av detaljreguleringsplan vil fylkeskommunen vurdere om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle § 9 i kulturminnelova. Undersøkningsplikten etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt før reguleringsplanen kan godkjennast.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til dispensasjonssøknaden når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser, så framt krav om detaljreguleringsplan oppretthaldast.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

